

An aerial photograph of a town situated along a large body of water. The town features a mix of residential houses and larger commercial buildings. A road winds through the town, and a bridge crosses the water in the foreground. Several paragliders are visible in the sky, with their colorful canopies (pink, orange, and white) contrasting against the landscape. The surrounding hills are covered in green vegetation.

Årsmelding

2020

1. Innleiing

FORORD

2020 har vore eit krevjande år. Med nedstenginga av landet 12. mars blei det raskt klart at 2020 i stor grad ville handle om koronaepidemien. Sogn Næring har difor i året som gjekk brukt mykje tid på å rettleie bedrifter som ynskjer å bruke krisetida til omstilling. Svært mange har snudd seg om og brukt tida på utviklings- og kompetansetiltak som kan bidra til at dei kjem styrka ut av krisa. Dette er gledeleg. Takk til engasjerte medarbeidarar og samarbeidspartnarar som har bidrege til at vi har kunne levere gode tenester i 2020.

Vaksineringa er no godt i gang og det ser ut til å gå mot ein meir normal kvardag. Vi ser fram til å kunne møte oss att fysisk og skape gode dei gode møteplassane. Vi har vil i 2021 ta fatt på eit samarbeid med Vik kommune om arbeid med næringsutvikling, og har fått status som partner til Vestland fylkeskommune. 2021 blir med andre ord eit år der vi i endå større grad vil arbeide regionalt, og vi gler oss til å bli betre kjent med nye samarbeidspartnarar.

OM SELSKAPET

I 2020 fekk Sogn Næring AS nye eigarar, Sogndal Næringsforening og nye Sogndal kommune. Selskapet er eigd av desse to aktørane i fellesskap for å realisere kommunen og næringslivet sine ynskje om eit sterkt næringssselskap i Sogndal og Sogn. Selskapet skal utføre oppgåver innan nærings- og samfunnsutvikling på vegne av Sogndal kommune og Sogndal Næringsforening.

Følgjande blei valde til å sitje i styret til Sogn Næring på generalforsamlinga 29. april 2020:

- Kristin Rundsveen Bøtun
- Agnar Holen
- Eli Grete Høyvik
- Jørgen Christian Lindstrøm
- Karin Vikane
- Stig Ove Ølmheim

Varamedlemmer

1. Frode Bøthun (fast møtande vara)
2. Emilie Pellegrino
3. Rita Navarsete
4. Gudvin Steinar Haraldsson

I 2020 har våre største oppdragsgivarar vore nye Sogndal kommune, Vik kommune og Sognefjorden Næringshage.




2. Hovudaktiviteten i selskapet i 2020

Bedriftsutvikling. Sogn Næring skal arbeide målretta med etablerte bedrifter som ynskjer å utvikle verksemda si. I 2020 har vi tilført selskapet auka kompetanse på forretningsutvikling, og har merka stor etterspurnad etter tenestene våre. Naturleg nok har det i 2020 vore stort fokus på å bistå bedriftene med utfordringane knytt til Covid-19. Det har vore gledeleg å sjå at svært mange av bedriftene raskt fekk oversyn over situasjonen og fokus over på korleis dei kunne levere enda betre varer og tenester når marknaden fungerer normalt. Støtteordningane i samband Covid19 har vore til god hjelp for mange, og vi i Sogn Næring har hjelpta bedrifter som til dømes ynskja å søke Innovasjon Norge om midlar til utviklingsprosjekt. Vi har også hatt ansvar for det kommunale næringsfondet knytt til Covid-19 i Sogndal kommune, i tillegg til Vik kommune. Det har først og fremst vore reiselivsrelaterte søknadar til dei nasjonale ordningane, medan breidda av næringslivet har sendt inn søknadar til dei kommunale næringsfonda.

Nettverk og kompetanseutvikling. Sogn Næring skal etablere arenaer der næringsliv og andre aktørar kan møtes for å blir kjent, lære og finne samarbeidspartnarar. Fram til 12. mars arrangerte vi mange ulike kurs og seminar, og fekk god tilbakemelding på desse. Etter 12. mars blei det meste av våre arrangement avlyst. Vi har forsøkt å avhalde nokre digitale arrangement, men ser at det er viktig med fysiske møteplassar. Så snart det er mogleg vil vi intensivere dette arbeidet att.

Vi har også arbeida for at vidaregåande og høgskule utviklar sine tilbod i tråd med behova i arbeidslivet. Med regionreforma har fylkeskommunen fått ei større rolle på kompetansefeltet, og i 2020 byrja vi arbeidet med å finne gode måtar å synleggjere Sogn sine kompetansebehov inn i arbeidet med å dimensjonere studietilbodet i Vestland.



Sognefjorden Næringshage. I samarbeid med Sognefjorden Næringshage driftar Sogn Næring Siva sitt næringshageprogram i regionen. Som operatør av næringshageprogrammet jobbar Sogn Næring aktivt med bedrifter i heile regionen. Gjennom næringshageprogrammet får også Sogn Næring tilgang til nettverk i heile fylket, og inngår i ein partnaraskap med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Stryn Næringshage og Nordfjordeid Næringshage. Etablering av nye målbedrifter i programmet, utvikling av partnaraskapen i Sogn og Fjordane, samt etablering av næringshageprogram i Sunnfjord har teke mykje av arbeidstida i 2020. Vi ser at vi og næringslivet får mykje igjen for å samarbeide på tvers av kommunar og regionar, og vil ha fokus på det regionale arbeidet også i 2021.

Gründertenester. Sogn Næring skal bidra til at det er enkelt å starte bedrift i Sogndal kommune gjennom tilgjengelege kontorfasilitetar for gründerar og etablert næringsliv i heile kommunen. Vidare skal vi bidra til fellesskap, samarbeid og nettverksbygging for oppstartsbedrifter, og mellom nye og etablerte bedrifter. Det er jamt over veldig godt tilfang av gode idear både frå gründerar og etablert næringsliv. I februar 2020 arrangerte vi tradisjonen tru vårt årlege gründerarrangement Fjellpitch, med mange gode deltakarar med spanande prosjekt som vi har fått vore med å vidareutvikle.

Fellesnemnda for nye Sogndal kommune vedtok 07.03.19. at det skal «etablerast ein samanhengande struktur for utviklingsmiljø i heile den nye kommunen, med utgangspunkt i FUS på Campus, Skaparstova i Balestrand, Vitensenteret på Kaupanger og Leikanger Næringshage». FUS på Campus har blitt drifta som normalt i 2020, samstundes som det har blitt arbeida med å førebu ein liknande struktur i dei andre delane av kommunen som kan rullast ut når dei økonomiske rammene er avklara.

Sikre regionalt viktige offentlege arbeidsplassar. Dei offentlege arbeidsplassane bidreg til eit variert arbeidsmarknad i heile regionen. Å sikre regional slagkraft i møte med auka konkurranse om arbeidsplassar blir viktigare framover. I 2020 har vi arbeida aktivt i lag med Sogndal kommune med å definere vertskapsrolla overfor dei offentlege arbeidsplassane i Sogndal kommune. Vi har besøkt mange av verksemdene, og fått innspel til korleis det bør arbeidast framover. Særskilt har det kome innspel om behova for fokus på rekruttering, nettverk og møteplassar, kompetanseutvikling/rett kompetanse og politisk påverknadsarbeid knytt til viktige rammevilkår som til dømes flyplass og kollektivtilbod. I 2021 vil vi forsetje dette arbeidet med spesielt fokus på behova for å synleggjere Sogn som eit attraktivt bu- og arbeidsmarknad for å lette rekrutteringa for verksemdene.





3. Korleis jobbar me

Sogn Næring sitt arbeid spenner frå det å inspirere gjennom ulike arrangement til å vere støttespelar i eit utviklingsprosjekt i ei bedrift. Vi skal både sette dagsorden, vere pådrivar og initiere til prosjekt, samt fasilitere og koordinere i implementeringa av eit prosjekt. Selskapet si rolle vil vere størst i den første fasen, når ein skal inspirere til aktivitet. Rolla og tidsbruken vil bli mindre som pådrivar og støttespelar i konkrete prosjekt. I 2020 har vi grunna koronæpidemien ikkje fått vore ute og møtt verksemdar og andre samarbeidspartnarar like mykje som vi skulle ynskje. Likevel opplever vi at vi at nye teknologiske hjelpemiddel har gjort det mogleg å utføre arbeidet vårt på ein god måte, og at vi har klart å ivareta dei som har teke kontakt. Vi ser at kapasitet vil vere ei utfordring framover, og at det vil vere behov for å styrke selskapet på personalsida for å kunne levere godt på oppdraga våre.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Tilsette har høve til å nytte 1 time kvar veke til trening, og selskapet har treningsavtale med Idrettssenteret AS. Det er ikkje meldt om ulukker eller skadar i perioden, og sjukefråveret har vore minimalt.

Verksemda medfører ikkje utslepp eller forureining som kan vere til skade for det ytre miljø.

4. Selskap vi eig i

- **Gründerkontoret – Gründersenteret FUS**
 - Eigardel: 50%
 - Andre eigarar: Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane

Selskapet er avvikla, aktivitet vidareført i eigen organisasjon.

- **Vitensenteret i Sogn og Fjordane**
 - Eigardel: 6,5%
 - Andre eigarar: Næringsliv og offentleg verksemd
- **Hangar Sogndal AS**
 - Eigardel: 33,3%
 - Andre eigarar: Sogndal kommune
- **Visit Sognefjord**
 - Eigardel: 12,15%
 - Andre eigarar: Kommunar og reiselivsbedrifter i Sogn
- **Framtidsfylket**
 - Eigardel: 2,78%
 - Andre eigarar: Næringsliv og offentlege verksemdar i Vestland

Sogndal 28.04.2021

Agnar Holen
Styreleiar

Torgeir Skålid
Dagleg leiar





Sogn Næring AS
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
E-post: post@sognnaring.no
www.sognnaring.no